

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Fastelavnssøndag – 7.februar 2016

Preiketekst: Luk 18,31-34

Lesetekst I: Jes 52,13-15

Lesetekst II: 1 Tim 1,1-6a

## Opptur og nedtur

### Kyrkjeåret

går sin syklus, og vi er på veg inn i fastetida. Sjølv om det er få som i vår tid tek fastetida bokstaveleg, skulle den vere ei tid for førebuing til påske. Fastetida varer i 40 dager frå askeonsdag til og med påskeaftan – minus søndagane, som ikkje er fastedagar. I tillegg vert Fastelavnssøndag rekna med til fastetida. Tidleg vart påskenatt den store dåpssamlinga med dåp til Kristi død og oppstode, og fastetida var dåpskandidatane si førebuingstid med bøn og faste. - Kyrkjeårsfargen lilla er botsfargen.

### Tap og vinning

ved å følge Jesus er tema mellom Jesus og læresveinane i avsnittet før vår tekst. Peter har med interesse høyrte kva Jesus seier til den rike unge mannen, og så kjem spørsmålet: «*Kva så med oss? Vi har gått ifrå alt vårt og følgd deg.*» Jesu svar skulle vel ta frå han den verste bekymringa for framtida: «*Sanneleg, eg seier dykk: Ingen har skilt seg med hus eller kone eller sysken eller foreldre eller born for Guds rike skuld utan at han skal få det att mangedobbelt i den tida som no er, og eit evig liv i den verda som kjem.*»

Då må det truleg ha vore ein kalddusj for Peter når Jesus held fram med det som er dagens tekst: «*Sjå, vi går opp til Jerusalem.....*»

### Påska innramma av profetiar

Det er profetiane som skal oppfyllest, seier Jesus. Og går vi til slutten av Lukasevangeliet, finn vi den kjende hendinga med Emmausvandarane, der to ikkje namngjevne læresveinar får høyre: «*Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?*» Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hos alle profetane.

Framleis er situasjonen den same som på vegen opp til Jerusalem: Dei skjønna ikkje noko av dette. Det var løynt for dei, og dei forstod ikkje det han sa. Både før og etter påske ligg altså sløret over augo deira, og det gjer det framleis hos mange av dei som rosar seg av å ha både Moses og profetane.

Profetiar har det ved seg at innhaldet må openberrast. Ord frå Gud kan menneske ikkje ta til seg utan ved Andens hjelp. Ser vi på dei lange linjene, er difor ikkje påska tilgjengeleg for trua før pinsa er komen.

## Opp til Jerusalem

Sjølv om vi har lært at sjølve geografien gav motbakkar frå alle kantar når ein skulle til Jerusalem, har uttrykket «opp til Jerusalem» ein annan bakgrunn.

*Jes 2: I dei siste dagar skal det skje at Herrens tempelberg skal stå urokkeleg som det høgaste av fjella og raga over høgdene. Dit skal alle folkeslag strøyma.*

*Mange folk skal dra av stad og seia: «Kom, lat oss gå opp til Herrens fjell, til huset åt Jakobs Gud, så han kan læra oss sine vegar og vi kan ferdast på hans stigar.*

*For lov skal gå ut frå Sion, Herrens ord frå Jerusalem.»*

Jerusalem ligg høgt som staden for Herrens tempel, og festreisene har tempelet som mål. Det er Guds bustad, midt i hans folk, ja, også folkeslaga skal strøyma dit.

## Heidningar reiskap for Guds vilje

Jesus skal utleverast av sine eigne til heidningane, slik at Guds frelsesplan kan setjast i verk.

Heidningane = folkeslaga, dvs alle andre enn det jødiske folk. Gud sende sin son til *verda*, alle folk og individ var med i frelsesplanen.

Så kan det vel her ligge eit frampeik om at Jesu liding og død var for alle syndarar, jødar som heidningar. I flg. Ef 2 er hans soningsdød nøkkelen til det nye fellesskapet: «*For han er vår fred, han som gjorde dei to til eitt og reiv ned den muren som skilde, fiendskapen. Med sin eigen kropp sette han lova ut av kraft med hennar bod og forskrifter. Slik skulle han skapa dei to til eitt nytt menneske i seg – og skapa fred.*»

## Når oppstodevona er fråverande

er det lite lys over døden. Sjølv om Jesus i same setning lovar at han skal stå opp att, er det minst like ufatteleg som resten. Her strekk inga menneskeleg erfaring til. Men i ettertid har vi i alle fall den vona å klamre oss til at Jesus verkeleg kunne vise seg levande og gje Emmausvandrarane endå ein leksjon om den store samanhengen.

### Ellers:

Som redaktør av denne Preikeverkstaden må eg få lov å vise til vår gode medarbeidar i Israel, [Andreas Johansson, si tekstgjennomgåing for Fastelavensøndagen](#). Du finn den under kyrkjeåret 2012 -13.

## Annbjørg Eiksund Hesselberg

Tidl. Misjonsekretær DNI Trøndelag, redaktør for Preikevekstaden.

[annbjorg.hesselberg@ntebb.no](mailto:annbjorg.hesselberg@ntebb.no)